



Foto: Stephan Kuhn

## K. 19.00: Velkomen heim!

### Overleveringsseremoni og konsert i Hove kyrkje

Overleveringsseremoni ved Hovemadonnakomiteen, og konsert med m.a. songarane Kari Malmanger og Sivert Almås Jullumstrø, damekoret Gygrene, Ragnar Hove, Mathilde Skjæret (hardingfele) og Anders Vassli Brekke (orgel).

*Seminaret er arrangert med stønad frå Skolebestyrer B.E. Bendixens legat, Universitetet i Bergen (UiB) og frå Vestland fylkeskommune.*

*Arrangør: Universitetsmuseet i Bergen, UiB, og Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane*



Foto: Adnan Icgagic © Universitetsmuseet i Bergen

## Hovemadonnaen. Original og gjenskaping

### Populærvitskapleg seminar om to utgåver av Maria frå Hove

**Madonnahelgi, Vik i Sogn, 20. til 22. mai 2022**

**Stad:** Blix hotell, Vik

**Tid:** Fredag 20. mai kl. 0900 - 1545

**0830-0900:** Registrering og kaffi/te.

**0900-0910:** Velkomen ved Fortidsminneforeininga / Arrangementskomiteen

**0910-0915:** Opning av festdagane og seminaret ved ordførar Roy Egil Stadheim, Vik kommune

## I: Ei diva frå Sogn

**0915-0945:** *Hovemadonnaen i middelalderens kirkerom.* Stephan Kuhn

**0945-1015:** *Hovemadonnaen. En nær 800 år gammel skulptur i Universitetsmuseet i Bergens varetekt.* Alexandra Bøhme

**1015-1045:** *Hovemadonnaen – hvem er hun og hva kan originalen fortelle?* Kaja Kollandsrud

**1045-1100:** Pause

## II: Miljøet rundt Maria

**1100-1130:** *Å syngja til Maria. Himmeldronninga og liturgien.* Åslaug Ommundsen

**1130-1200:** *Dei tre «systerkyrkjene» i mellomalderens Vik.* Alf Tore Hommedal

**1200-1230:** *Vik og Sogn som del av Bergen bispedøme i mellomalderen.* Anna Elisa Tryti

**1230-1330:** Lunsj

## III: Frå Maria til Maria. Om å forma den nye Hovemadonnaen \*

**1330-1400:** *Å forma og gjennomføra eit prosjekt.* Ragne Birte Lund

**1400-1430:** *«Marias gener». Om 3D-skanninga av Hovemadonnaen.* Bjarte Aarseth

**1430-1445:** Pause

**1445-1515:** *«Marias former». Om å gjenskapa og nyskapa Maria i tre.* Boni Wiik

**1515-1545:** *«Marias fargar». Om å gjenskapa og nyskapa Maria i polykromering.* Nadine Huth

## Førelasarar:

**Alexandra Bøhme** er malerikonservator ved Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen, og har hatt ansvaret for den siste konserveringa av den originale Hovemadonnaen.

**Alf Tore Hommedal** er førsteamanuensis i mellomalderarkeologi ved Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen. Han er medlem av Hovemadonnakomiteen og av Arrangementskomiteen og har morsslekta si frå Vik.

**Nadine Huth** er konservator ved Historiska museet ved Lunds universitet, Sverige. Ho har saman med medarbeidaren sin Lara Domeneghetti, vore meister for polykromeringa av den nye Hovemadonnaen.

**Kaja Kollandsrud** er førsteamanuensis i kunsthistorie ved Kulturhistorisk Museum, Universitetet i Oslo, og har arbeidd med konservering av den originale Hovemadonnaen.

**Stephan Kuhn** er PhD i kunsthistorie frå Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen, og har spesialisert seg på norsk og europeisk kyrkjekunst i høg mellomalderen.

**Ragne Birte Lund** er utdanna historikar og er ambassadør (p), medlem av Hovemadonnakomiteen og har morsslekta si frå Vik.

**Åslaug Ommundsen** er professor i latinsk filologi ved Universitetet i Bergen og forskar mellom anna på liturgiens uttrykk i norske kyrkjer i mellomalderen.

**Anna Elisa Tryti** er mellomalderhistorikar og kyrkjehistorikar, prosjektdirektør ved Vestland Fylkeskommune og har farsslekta si frå Vik.

**Boni Wiik** er treskjerar ved Treskjæringsverkstedet AS og har saman med medarbeidarane August Horn, Øystein Lønvik og Johan Tørris Fleischer vore meister for treskjerjinga av den nye Hovemadonnaen.

**Bjarte Aarseth** er treskjerar og overingeniør ved Vikingskipsmuseet, Universitetet i Oslo. Han har vore meister for skanninga av den originale Hovemadonnaen.

\* *In memoriam*

*Johan Tørris Fleischer (1994-2020), medskapar av den nye Hovemadonnaen.*